

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Knarvik, 13. mars 2015

Region Nordhordland - prioritering av skjønsmidlar 2015

Me viser til skriv frå Fylkesmannen datert 22. desember 2014 om «Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane i 2015». Fylkesmannen ønskjer at Regionråda skal ha ein koordinerande rolle i samband med søknad om skjønsmidlar, og Fylkesmannen vil prioritera å støtte interkommunale samarbeidsprosjekt, mellom anna for at prosjektmidlane skal få større nedslagsfelt og gje betre læringseffekt.

Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI) har koordinert arbeidet med prosjekt og søknadar i regionen, og det er kome inn 10 konkrete søknader til Regionrådet / NUI.

Ein av søknadane er frå Osterøy kommune og gjeld «Klimaservice Hordaland» - eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Osterøy, Kvam, Kvinnherad og Bergen samt Hordaland fylkeskommune og forskingsmiljø. Denne søknaden er vanskeleg for Regionrådet Nordhordland å ta stilling til då den går mykje breiare enn berre innanfor vår region / våre kommunar. Regionrådet synest søknaden er positiv og viktig, men ynskjer at Fylkesmannen vurderer denne i ein større samanheng.

Regionrådet handsama søknadane i regionrådsmøte 13. mars og meiner at alle søknadane / prosjekt er viktige for utvikling, fornying og læring i regionen og / eller i den enkelte kommune. Regionrådet ynskjer å prioritera viktige og vedtekne samarbeidsprosjekt – herunder prosjekt som har gått over fleire år, men som fortsatt krev vidare utgreiingar og konkretiseringar. T.d. gjeld dette arbeidet med å utvikla framtidretta helseteneste i samband med etablering av Region Nordhordland Helsehus og arbeidet med kommunereforma herunder konkrete vurderingar av ulike alternativ i Nordhordland.

Framtidretta og gode helse- og omsorgstenester i Nordhordland

Når det gjeld Region Nordhordland Helsehus er NUI godt i gang med planlegging av byggeprosjektet. Det er inngått avtale med Statens Vegvesen Region Vest om kjøp av tomt (veg- og trafikkstasjonen i Knarvik), og Sweco AS er engasjert som prosjektleiar for bygget. Byggelån har vore ute på Doffin, og Kommunalbanken AS har vunne konkurransen. D.d. er arkitektkonkurransen utlyst på Doffin. Meir detaljer om prosess og framdrift finn Fylkesmannen i vedlagte skriv. Men prosjektet er ikkje berre eit byggeprosjekt, men det å laga framtidretta og gode helse- og omsorgstenester i Nordhordland. Regionrådet prioriterer søknaden om samarbeid for utvikling dette – og innsatsområde i 2015 vil vera tverrfagleg døgnbasert rehabilitering i Helsehuset, utvikling av psykisk helse og styrking av tilbod til barn og unge i Nordhordland.

Kommunereforma

I Regionrådsmøtet 13. mars vart det vedteke at Regionrådet oppmodar kvart einskild kommunestyre til å oppnemna tre politikarar til å delta i eit felles forhandlingsutval som har i oppgåve og utforma eit felles avgjerdsgrunnlag for samanslåing av kommunane i Nordhordland. Første møte i forhandlingsutvalet er tenkt til 16. april. Regionrådet ynskjer at kommunane brukar forhandlingsdokumentet til SAS-kommunane som mal i det vidare arbeidet. Kommunane i Region Nordhordland minus Osterøy ynskjer alle å utgreia Nordhordlandsalternativet - i tillegg til at dei fleste kommunane også ynskjer å utgreie samanslåing med dei næraste nabokommunane.

I tillegg har Solund i Sogn og Fjordane også vedtatt at dei ynskjer å utgreia Nordhordlandsalternativet sidan Gulen er med på dette. Det å utgreia Nordhordlandsalternativet med så mange kommunar involvert, i tillegg til fleire parallelle prosessar er krevjande, og regionen (NUI) må derfor setja av ein prosjektleiar i minimum 60 % stilling til dette slik at ein får til gode prosessar.

Andre søknadar

Regionrådet synest at alle åtte søknadane som er kome inn, ligg innanfor dei områda Fylkesmannen seier skal prioriterast, og me synest også at dei er nøkternt og godt begrunna. Regionrådet har prioritert prosjekta i rekkefylgje iht. vedlagte skjema. Fire av søknadane gjeld tiltak som omhandlar by- og tettstadutvikling, og Regionrådet har valt å setja lik prioritering på desse.

Region Nordhordland håpar at fylkesmannen legg dette til grunn i tildelinga. Dersom de har spørsmål eller kommentarar til prioriteringa, ta gjerne kontakt til Rune Heradstveit, 907 53 459, eller direkte til søknadsstiller når det gjeld det enkelte prosjekt.

Vedlagt fylgjer prioriteringsliste frå Region Nordhordland med oversikt. Den enkelte søknad er lagt inn gjennom søknadsskjema på heimesida til fylkesmannen slik det er bedt om.

Med venleg helsing



Rune Heradstveit (sign)

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

1. 2015 Prioritering - søknadar om skjønsmidlar Region Nordhordland
2. 2015 Oversikt over søknad om skjønsmidlar Region Nordhordland
3. Statusmelding for prosjekt Region Nordhordland Helsehus – mars 2015